



Kveldsstemming i båthamna. Mange set pris på at det er fredeleg her

Den nye båthamna i Rosendal er i ferd med å distansera Uskedalen i besøk. Øyvind Lernes, som er dagleg leiar, opplyser at talet på gjestebåt-døgn i juli var 1190. Dei to hamnane i Uskedalen kom ikkje høgare enn til anslagsvis 600 og 200 - altså tilsaman 800. Rosendalhamna har til no i år hatt rundt rekna 1.700 gjestebåt-døgn mot 1.500 i fjor til samme tid.

Hamnevert Johan Sunde i Uskedal Båtlag seier at trafikken har vore mindre enn venta, men han trur talet vil vera nær det normale når sesongen er over.

Verten på Systrene Nilsen Morten Nilsen reagerer på avstanden mellom Rosendal og Uskedalen som er større enn han har rekna med.
- Vi må drøfta kva vi kan gjera neste år for å snu denne tendensen, seier han til uskedalen.no.

Lernes konstaterer at den gode trafikken både er eit resultat av eit godt produkt og marknadsføringa. Men den har ikkje vore særleg omfattande. Den har tildels vore gjennomført som eit samarbeid med Stavanger og Lernes kan tenkja seg eit samarbeid også me Rosendal. Innslaget av utlendingar og då framfor alt tyskarar og nederlendarar har også vore bra, ikkje minst i starten av sesongen.

Det har vore ein pen auke også ved den best besøkte hamna i

Kvinnherad, som er Husnes. Men her føreligg det ikkje tal førebels.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen